

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2009/1347-11	Doknr.:
Mottatt: 17 FEB 2010	
Saksbehandler: LP/SJ	Arkiv: 513
Kopi:	Avskrift:

ULLENSVANG HERAD



DKG. Landbruks- og matdepartement

**Postboks 8007 Dep
0030 OSLO**

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id	Arkiv	Dato:
	09/1321-3	10/1316	N-642.5/	16.02.2010

**HØYRING: FORSKRIFT OM TILSKOT VED TAP AV EPLEPRODUKSJON
GRUNNA SKADE AV ROGNEBÆRMØLL
UTTALE TIL FORSLAG OM FORSKRIFT**

Me syner til brev dagsett 16. november 2009 med høyring på forslag til mellombels forskrift om tilskot ved tap i epleproduksjonen grunna skade av rognebærmøll.

Grunna kravet til fagleg spisskompetanse i saka, er det avklåra at uttalen vert gjort administrativt, og på vegner av alle kommunane i Hardanger. Dei kommunane dette gjeld er Eidfjord kommune, Granvin herad, Jondal kommune, Kvam herad, Odda kommune, Ulvik herad og Ullensvang herad.

Vedlagt fylgjer saksutreiing med vedtak.

Med helsing

Eidfjord kommune, Granvin herad, Jondal kommune, Kvam herad, Odda kommune, Ulvik herad og Ullensvang herad

Siv Eilertsen
Jordbrukssjef

Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 34
Sakshandsamar sin e-postadr.: Siv.Eilertsen@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok

Kopi til:

Eidfjord Kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Granvin herad	Postboks 13	5733	GRANVIN
Jondal Kommune		5627	JONDAL
Kvam herad	Grovageilet 16	5600	NORHEIMSUND
Odda Kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK



Hardanger

Ullensvang herad
Heradshuset
5780 KINSARVIK

Org.nr: 964 967 903
Bankgiro 3450.19.70400

Telefon: 53 67 15 00
Telefaks: 53 67 15 01
E post: postmottak@ullensvang.herad.no

www.ullensvang.herad.no

Ullensvang herad

Sakspapir – Delegert vedtak

Saksansv .: Magne Eivind Moe	Arkiv: N-642.5 Objekt:	J.post id. 10/1316	Arkivsaknr 09/1321 - 3
------------------------------	---------------------------	-----------------------	---------------------------

HØYRING: FORSKRIFT OM TILSKOT VED TAP AV EPLEPRODUKSJON GRUNNA SKADE AV ROGNEBÆRMØLL

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	16.11.2009	DKG. Landbruks- og matdepartement	Høyringsbrev - Framlegg til forskrift om tilskot ved tap i epleproduksjon forårsaka av rognebærmøll
3	U	09.02.2010	DKG. Landbruks- og matdepartement	Høyring: Forskrift om tilskot ved tap av epleproduksjon grunna skade av rognebærmøll

Saksutgreiing:

Landbruks- og matdepartementet sendte den 16.11.09 ut høyring på ”forslag til forskrift om tilskudd ved tap i epleproduksjon forårsaket av rognebærmøll”. Frist for å koma med høyringssvar er sett til 16.02.10.

Departementet syner til St.prp. nr 75 (2008-2009) om jordbruksoppgjeret 2009 når dei sender ut forslaget til forskrift på høyring.

Grunngjevinga for forslaget til denne forskrifta er at det ikkje finst effektive bekjempingsmetodar for rognebærmøll. Det kjemiske preparatet Gusathion, som var effektivt mot rognebærmøll, blei forbode å bruka frå 2007. Det finst ikkje andre preparat eller metodar som hittil har vist seg å ha like god effekt. Fleire dyrkarar har hatt opp mot 100 % avlingstap grunna rognebærmøll. For å redusera dei økonomiske tapa for dyrkarane ved store rognebærmøllangrep, kjem difor departementet med eit forslag til erstatningsordning. Ordninga skal vera med å dekkja noko av tapet grunna rognebærmøllangrep. Det økonomiske tapet er differansen mellom den forventta prisen føretaket kan oppnå i konsummarknaden og den prisen føretaket oppnår i konservesmarknaden. Ordninga er tenkt som ei mellombels ordning fram til det kjem metodar eller midlar som kan gje eit tilfredsstillande vern mot rognebærmøllangrep.

Vurdering:

Det er svært positivt at det kjem ei midlertidig tilskotsordning som kan redusera det økonomiske tapet i epleproduksjon grunna rognebærmøll, fram til nye effektive preparat eller metodar kan nyttast i bekjempinga.

Eit av vilkåra for å få tilskot er at heile skadeårets avling må haustast og dokumenterast, noko som førar til meirarbeid både for dyrkarane, fruktlagra og kommunen.

Tilskotsordninga legg opp til at kommunane skal ut i hagane å vurdere graden av rognebærmøllskadde eple. Dette kjem til å verta eit svært omfattande arbeid. I den største fruktkommunen i Hardanger, Ullensvang herad, har me 202 epledyrkarar med eit gjennomsnitt på 18,5 dekar i produksjon. Dette arealet er delt opp i mange felt og sortar på kvar gard. Dei ulike felte og sortane vil få ulik angrepsgrad, noko som gjer registreringsarbeidet svært arbeids- og tidkrevjande i ferieavviklingsperioden. Ved eit angrep i Hardanger, noko som kan skje komande sesong, vil det vera uråd for kommunane å rekkja over alle eplefelte.

Fruktlagra kan ikkje ta jobben med å sortera rognebærmøllskadde eple frå konsumepla. Dette er eit arbeid som må gjerast ute i felte i samband med haustinga. For å få det til må epla haustast i to fraksjonar, ein rognebærmøllskadd og ein konsumfraksjon, noko som er tidkrevjande. Slik situasjonen er i Hardanger må den skadde fraksjonen merkast og sendast direkte til konserverindustrien, eller via fruktlagra, for registrering og veging. Dette vil føra til ein god del meirarbeid for fruktlagra og konserverindustrien.

For å få ei slik ordning til å fungera i praksis må det lagast sentrale retningslinjer, som beskriv korleis ordninga skal fungera. Det må nødvendigvis bli eit samarbeid og ei arbeidsdeling mellom produsentane, fruktlagra/konserverindustrien og kommunane, for å finna praktiske løysingar på registrerings- og kontrollarbeidet. Men det må vera nokre sentrale føringar i botnen slik at produsentane vert handsama nokolunde likt i kommunane, og at samarbeidet mellom fruktlagra/konserverindustrien, produsentane og kommunane fungerer.

Administrasjonen sitt vedtak:

Kommunane i Hardanger stør framlegget til mellombels "Forskrift om tilskudd ved tap i epleproduksjon forårsaket av rognebærmøll".

Det må utarbeidast nærare retningslinjer for korleis ein i praksis skal gjennomføra samarbeid, registrering og kontroll.